



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Rundskriv

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2024	24/4441	05.09.2024

Statsbudsjettet 2024 – Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2024. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2024 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 16. oktober 2024. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2023
- Saldert budsjett 2024 + tilleggsøyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2024

Anslaga for nøkkeltal i norsk økonomi frå Nasjonalbudsjettet 2025 skal leggjast til grunn der det er relevant. I motsetnad til andre budsjetterundar vil ikkje Finansdepartementet sende renteforutsetningar eller oppgje ein gitt dato for valutakurs som skal liggje til grunn for innspela. Det bør brukjast så oppdatert informasjon som mogleg gitt fristen for å sende innspel til Finansdepartementet.

Postadresse
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo
postmottak@fin.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 40
www.fin.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 807

Avdeling
Finansavdelingen

Saksbehandler
Mathias Ringdal

Normalt vert kompensasjon til statlege, bruttobudsjetterte verksemdar innarbeidd etter at dei sentrale lønnsoppgjera i staten er gjennomførte og før nysalderinga. Rikslønnsnemnda skal avgjere tvistane i hovudoppgjeret for 2024 for tre av dei fire hovudsamanslutningane i staten medio november. Av omsyn til føreseielegheit for verksemdene og at budsjetta skal gje realistiske anslag på lønsutgifter for 2024, legg Finansdepartementet og Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet opp til at verksemdene vil verte kompenserte med eit anslag for lønsoppgjeret i samband med nysalderinga. Finansdepartementet vil på vanleg måte innarbeide kompensasjonen på kapittel og post i budsjettmaterialet med sikte på at dette inngår i departementas omgrupperingsproposisjonar. Det er uvisse knytt til om verksemdene vil rekke å utbetale heile lønnsoppgjeret i år, jf. [PM-2024-8: Rikslønnsnemnda](#). Finansdepartementet vil difor vurdere avbøtande tiltak, mellom anna om det er grunnlag for å innhente særskild fullmakt frå Stortinget til å auke den normale grensa til å overføre unyttta driftsløyving til 2025.

I hovudbudsjettsskrivet for 2025 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2024 innan 29. juli 2024. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag innan nevnte frist. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsloøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 22. november 2024. Departementa er sjølv ansvarlege for at omtalen i proposisjonane er utforma i tråd med regjeringa sin politikk og konklusjonar i regjeringa. Departementa må sende Finansdepartementet særleg viktige delar av proposisjonen innan 18. november 2024.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 vil etter planen verte fremja i statsråd 29. november 2024.

Med helsing

Trond Høyde e.f.
avdelingsdirektør

Mathias Ringdal
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje handskrivne signaturar